

ÅRSPLANKALENDER DEL 1  
MÅSEIDE BARNEHAGE



## BARNEHAGENS SAMFUNNSMANDAT

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling»

Sitat frå Barnehagelova §1 Formål, 1. ledd

Samfunnsmandatet seier kva oppgåva vår er i barnehagen (vårt oppdrag):

## OMSORG 🦋 DANNING 🦋 LEIK 🦋 LÆRING

Barnehagen skal tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til beste for barna.

### OMSORG

Omsorg i barnehagen handlar både om at personalet møter alle barna med omsorg i alle situasjonar og at barna får høve til å gje og ta imot omsorg frå andre barn. God omsorg styrkar barna sine føresetnader for å utvikle tru på seg sjølv og tillit til andre. Dette er avgjerande for barna utvikling og læring. Omsorg skal vere grunnmuren som innhaldet i barnehagen kviler på.

### DANNING

I den nye Barnehagelova (2011) er begrepet oppdragelse erstatta med danning, som er eit vidare begrep. Begrepet er likt på nynorsk og bokmål, og må ikkje erstattast med «dannelse»!

Med danning meinast det som skjer i barnet sitt samspel med omjevnadene.

Danning er ein livslang prosess som føreset refleksjon og som foregår heile livet, i alt vi gjer.

Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppdragelse, og meir enn sosialisering. Samtidig som det rommar alt dette.

### LEIK

- Lysbetont og frivillig
- Barna sjølve som lagar reglane
- Uttrykk for erfaringar barna har gjort seg i andre samanhengar
- Fremmer utviklinga på alle områder: intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt og emosjonelt
- Styrkar identiteten og sjølvkjensla til barna
- Å leike er eit mål i seg sjølv

Barndommen er ein livsfase med eigenverdi.

Eitt av særprega til barndommen er nettopp samspel

i lek med initiativ, fantasi og engasjement.

## LÆRING


Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer. Vennskap, og tilrettelegging for gode relasjonar i barnehagen er føresetnad for god læring og oppleving av glede og meistring. Læring skjer i alle situasjonar i barnehagekvardagen: like mykje når det gjelder bleieskift, måltid, påkledning, leik, som i meir planlagde og vaksenstyrte lærings situasjonar. Barna sine eigne interesser og spørsmål skal vere utgangspunkt for val av tema og tilrettelegging av eit utfordrande læringsmiljø. Personalet skal gjennom engasjement og å vere oppfinnsame vekke interessa for læring hos barna. Barn og vaksne skal saman med barna undersøke, stille spørsmål og leite etter svar.



## KVARDAGSAKTIVITETAR

Kvardagsaktivitetane er i stor grad knytte til det gjennomgåande innhaldet i barnehagen. Kvardagsaktivitetane eller "faste gjeremål i kvardagen" - til dømes måltid, toalettbetok og handvask, av- og påkledning og rydding, er moment i dagsrytma som kjem tilbake kvar dag, ofte fleire gongar om dagen. Dagsrytma er meint som ein fleksibel plan over dagen, der enkelte moment er faste og kjem igjen på same måte kvar dag. Målet med dette er at barnet skal vite kva som skal skje til dømes før samling og etter mat. Dette skaper tryggleik for barnet, og tryggleik er grunnlaget for all læring.

I desse aktivitetane utspelar mykje av den direkte kontakten mellom barn og vaksne seg. Kvardagsaktivitetane og korleis dei blir gjennomførde, spelar derfor ei avgjerande rolle for utvikling av sosial kompetanse. Kvardagsaktivitetane kan vere ulike frå avdeling til avdeling. Alt blir tilrettelagt utifrå barna sine føresetnader og behov.



## VERDIGRUNNLAGET I RAMMEPLANEN

Verdigrunnlaget i Rammeplanen, sitat:

«Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhørslse og anerkjening og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse».

Kva vi legg i desse verdiane her i vår barnehage: kva legg vi i orda — kva betyr dei for oss i praksis:

### DEMOKRATI

Alle skal bli sett, høyrte og respektert.

Alle skal få delta med sine evner og føresetnader.

Alle skal få lov å tru og meine det ein vil, og det er greitt å vere ueinig.

Gjennom medverknad i kvardagen, skal barna få oppleve at dei er med på avgjersler der fleirtalet bestemmer.

### MANGFALD og GJENSIDIG RESPEKT

Kvart enkelt barn og deira familie er ulike, dette må vi respektere. Barnehagen må bruke dette mangfaldet som ein ressurs og vise gjennom vår praksis at kvart enkelt barn og familien er ein viktig del av fellesskapet.

Det er like stort mangfald i personalgruppa, dette er også ein ressurs som skal kome fram i kvardagen.

### LIKESTILLING og LIKEVERD

Alle barn skal ha same moglegheit uavhengig av kjønn, kultur, livssyn, religion og nasjonalitet.

Alle barn skal bli behandla likt, det er då viktig å ta omsyn til ulikheitene hos kvar enkelt.

### BEREKRAFTIG UTVIKLING

Vere miljøbevisste saman med barna, ved å kjeldesortere, gjenbruke og plukke søppel i naturen.

Lære barna å ta vare på naturen, ved å vise respekt for mellom anna plantar og dyr.

Lære barna at dei er ein del av naturen, og handlingane dei gjer påverkar miljøet no og i framtida.

### LIVSMEISTRING og HELSE

Vi må skape eit trygt og utfordrande miljø der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap - det er viktig å bygge gode relasjonar. Bli kjent med eigne og andre sine følelsar, og korleis eigen veremåte påverkar andre. Vi må legge til rette ut frå barnas føresetnader, der dei får utfordringar og samtidig opplever meistring. I tillegg støtte dei i å meistre motgang.

Gi rom for fysisk aktivitet inne og ute. Det er viktig med riktig kosthald, god hygiene og nok kvile.

## VERDIAR SULA KOMMUNE

**VISJON:** Sula kommune skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen, med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet.

Sula kommune sitt verdigrunnlag gir uttrykk for haldningar som alle tilsette i Sula kommune skal strekkje seg etter i det daglege virke overfor sine brukarar, samarbeidspartnarar og ovafor kvarandre. Verdiane er eit felles utgangspunkt og rettesnor for vurderingar, val og handlingar.

### Ærleg og open

Sula kommune legg stor vekt på å framstå som rettskaffen, ærleg og open i all si verksemd. Alle har krav på rettferd og likestilling og skal møtast på ein truverdig måte. Utøving av vårt arbeid handlar ikkje berre om kva vi gjer, men også korleis vi utførar det.

### Respekt og omsorg

Vi møter brukarane og kvarandre på ein raus og ansvarleg måte og viser kvarandre tillit. Som menneske er vi ulike og det skal vere rom for andre sine meiningar og haldningar. Vi skal vise omsorg for kvarandre ved å skape tryggleik, la andre kome til ordet og helse på kvarandre med omtanke. Vi skal ha ein kultur der "framsnacking" rådar.

### Innovativ

Vi oppmuntrar kvarandre til å vere resultatorienterte, fornyande og framtidsetta. Vi utnyttar den enkelte sin kreativitet og kompetanse.

### Humor

Vi har alle eit ansvar for å bidra positivt til arbeidsmiljøet, slik at medarbeidarar og leiarar vert engasjerte i forhold til eigne og andre sine oppgåver. Arbeids glede er drivstoffet i organisasjonen og løfter omdømet til kommunen.




## VISJONEN I KULTUR OG OPPVEKST

Barn som veks opp i Sula skal oppleve relevans, utfordringar, samanheng og mestring kvar dag i læringsreisa si. Alle skal møte høge forventningar og få kompetent hjelp når dei treng det. Barn som veks opp i Sula, skal fullføre vidaregåande skule.

Visjonen blir kalla »**LÆRINGSREISA**»

- der vi er opptekne av korleis vi gjennom vårt arbeid på ulike nivå, påverkar denne.



## VISJON OG MÅLSETTINGAR MÅSEIDE BARNEHAGE

Trygghet — Meistring — Gode opplevingar


Målsettingar:

- ✦ Skape eit anerkjennande miljø som fremmer respekt, likeverd, og ein god sjølvfølelse for den enkelte.
- ✦ Gi barna opplevelse av meistring, utifrå eigne føresetnader, som basis for læring og utvikling.  
Fremme barna sin sosiale kompetanse gjennom trygghet — meistring — og gode opplevingar.



Visjon tydar å sjå  
**"vår ledestjerne"**

noko vi skal strekkje oss etter,  
og som skal gi oss energi.



Målsettingar, visjon og satsingsområde  
blir vår misjon — vårt oppdrag som skal  
stadfeste kven er vi til for, kva skal vi bidra  
med og kva skal vi bidra til.

Visjonen omfattar ALLE  
— både barn, tilsette og foreldre.

## AUTORITATIV VAKSENSTIL:

Gode relasjonar er alfa og omega når ein skal skape gode lærings- og leikemiljø for barna. Den autoritative vaksenstilen blir framheva som den beste i møte med barn, og er derfor den Sula kommune ønskjer skal kjenneteikne alle tilsette i heile oppvekstsektoren. Den vaksne har då positiv kontroll, set tydelege genser og har klare forventningar til barnet, samtidig som dei er varme og akseptierende. Dette har vi beskrive i vårt pedagogiske grunnsyn.

Barn som møter autoritative vaksne som lyttar til behova og ønska deira, samtidig som dei tek vaksenkontroll for å ivareta interessene i fellesskapet, lærer seg sosialt akseptable normer for åtferd. Barna lærer seg å vente på tur, vere vennlege, ta initiativ og møte nye utfordringar med nysgjerrigheit, interesse og sjølvttillit. Når dei vaksne har gode relasjonar til kvart barn, styrkar det relasjonen mellom barna.

Vårt grunnsyn speiler seg i vår visjon, mål og målsettingar, og korleis vi jobbar med omsorg, danning, leik og læring.

## PEDAGOGISK GRUNNSYN:

Vi vaksne skal bygge varme relasjonar til barna samtidig som vi set grenser på venlege, trygge og forklarande måtar, gjennom

- 🌸 respekt
- 🌸 kjærlege hender
- 🌸 eit klokt hode
- 🌸 eit varmt hjarte

I praksis betyr dette:

At vi respekterer barna ved å lytte, og ta følelsane deira på alvor. Vi viser omsorg gjennom fysisk kontakt, som å la barna få sitte på fanget og vi gir gode klemmer. Vi skal vere forutsigbare og førebu barna når vi til dømes skal tørke nase og ta på dei hue. Vi skal også vere tydelege vaksne som setzer grenser ut frå situasjonen, og barns føresetnader. Her må vi vere bevisst på kroppsspråk, stemmeleie og forklare godt med få ord. Gjennom dette og felles opplevingar bygger vi varme relasjonar til barna. Vi ønskjer at barna skal oppleve at vi bryr oss om dei, at vi trivast på jobb og i lag med dei.





## VAKSENROLLA

Barnehagen er forplikta til å følge Sula kommune sine verdier:

»ÆRLEG OG OPEN» 🌸 »RESPEKT OG OMSORG» 🌸 »INNOVATIV» 🌸 »HUMOR»

Verdigrunnlaget gir uttrykk for haldningar som alle tilsette i Sula kommune skal strekke seg etter i det daglege virke ovafor sine brukarar, samarbeidspartnarar og ovafor kvarandre. Verdiane er eit felles utgangspunkt og rettesnor for vurderingar, val og handlingar.

Gode relasjonar er alfa og omega når ein skal skape gode lærings- og leikemiljø for barna. Den autoritative vaksenstilen blir framheva som den beste i møte med barn, og derfor den Sula kommune ønskjer skal kjenneteikne alle tilsette i heile Oppvekstsektoren (barnehage, skule og TBU). Den vaksne har då positiv kontroll, set tydelege genser og har klare forventningar til barnet, samtidig som dei er varme og aksepterte.

Barn som møter autoritative vaksne som lyttar til behova og ønska deira, samtidig som dei tek vaksenkontroll for å ivareta interessene i fellesskapet, lærer seg sosialt akseptable normer for åtferd. Barna lærer seg å vente på tur, vere vennlege, ta initiativ og møte nye utfordringar med nysgjerrigheit, interesse og sjølvtrillit. Når dei vaksne har gode relasjonar til kvart barn, styrkar det relasjonen mellom barna.

Verdiane og vårt pedagogiske grunnsyn viser våre kunnskarar, verdier og haldningar gjennom alt vi seier og gjer gjennom barnehagedagen. Vårt grunnsyn speiler seg derfor i vår visjon, mål og målsettingar, og korleis vi jobbar med omsorg, danning, leik og læring. Barn har ulik personlegheit og skal møtast med anerkjenning og respekt for den dei er. Barn har rett til egne meiningar, behov og følelsar, og dette må vi ta hensyn til.

Å bygge relasjonar heile tida - heile året er derfor heilt avgjerande.

Tillit er bærebjelken i ein relasjon.

Svaret på livsmeistring er relasjonar.

Eit avgjerande virkemiddel for å unngå mobbing er å jobbe med relasjonar.

Du mobbar ikkje ein du likar/er glad i!



## FORELDREMEDVERKNAD

Foreldre og dei tilsette har eit felles ansvar for trivsel og utvikling til barna. Det daglege samarbeidet må byggje på gjensidig openheit og tillit. Barnehagen må vere open for kva dykk foreldre ventar og ønskjer som enkeltpersonar og som gruppe. Foreldra skal sikrast og inviterast til medverknad gjennom deltaking i t.d. brukarundersøkingar, foreldreråd og samarbeidsutval.

## SYN PÅ BARN OG BARNDOM

Utviklinga skjer i samspel mellom barna og miljøet dei veks opp i heime og i barnehagen.

Barndommen er ein livsfase med eigenverdi, akkurat som alle andre fasar i livet.

Forståing av barns medverknad viser dei tilsette gjennom sine handlingar i kvardagen  
- som gjenspeilar synet på barn og barndom

## BARNS MEDVERKNAD

Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider ved sitt liv i barnehagen. Det handlar ikkje om at barna skal bestemme alt, men at dei skal få uttrykkje seg og få innflytelse, bli involvert og ha muligheter til påverknad.

Medverknad:

- bestemme i lag med andre
- sjølvbestemming

Medverknad er ikkje bare eit mål og/eller ein metode, men ei haldning!

Kva og korleis den enkelte avdeling arbeider med barns medverknad, vil stå i årsplan del 3..



## TANNPUSS: «TENNER FOR LIVET»



Tannhelsetenesta ønskjer meir fokus på gode vanar og betre tannhelse til barna generelt.

I høve dette tilbyr vi tannpuss til dei barna som spiser frukost i barnehagen og/eller til dei som ikkje har fått tid til å pusse tennene heime. Å pusse tenner skal vere like viktig som å vaske hender.



## KOSTHALD

Barnehagen har ansvar for å legge til rette for måltider som fremmar helse. Vi skal bidra til at barna får gode vaner når det gjeld kosthald, og bidra til at barna utviklar ei forståing for korleis dei kan ta vare på eiga helse. Vi er ein arena der barna på ein naturleg måte kan tileigne seg kunnskap og gode haldningar når det gjeld mat, måltider og hygiene. Måltider betyr også samhandling og fellesskap — eit ledd i utvikling av sosial kompetanse.

Vi legger vekt på eit sunt og variert kosthald, utifrå helsedirektoratet sine anbefalingar.

Vi har ei bevisst haldning til bruk av sukkerhaldige matvarer i barnehagen. Vi har god erfaring i å tilpasse mat og allergi, eller andre forhold, i samarbeid med dykk foreldre. Dei tilsette har også kunnskap frå Fiskesprellkurs (fisk og sjømat), og tilbereding av mat både inne og ute.



## GOD OPPVEKST - TIDLEG INNSATS

«God oppvekst» er ei satsing i Sula kommune, for mellom anna barnehagar, skolar, PPT, helsestasjon og barnevern – knytt opp imot dykk foreldre og barna dykkar.

Fokus på tidleg innsats kan avdekke, avhjelpe og førebygge vanskar eller andre utfordrande situasjonar.

Jo tidlegare ein kan identifisere slike «utfordringar» – jo større mulegheit til å hindre problemutvikling.

Ingen barn  
er vanskelege -  
nokre barn  
har det vanskeleg.

Dei tilsette sitt ansvar:  
Bevisstgjerjing på korleis vi  
omtalar desse barna og  
korleis vi møter dei,  
kvar dag - heile dagen:  
VAKSENROLLA

### ⑩ SamBa – Saman om barna: 0-6 år

Småbarnsteam, eit tverrfagleg samarbeid om barn frå 0-6 år, med foreldre/føresette som viktig samarbeidspart. SamBa er utvikla av Kristiansund kommune og vidareutvikla i regi av prosjekt «God oppvekst» i Sula kommune, med oppstart ved skulane hausten 2013. Frå september 2014 vart dette eit tilbod til alle barn i Sula i alderen 0-6 år. Målsettinga er å rettleie foreldre og fagpersonar så tidleg som muleg, og løyse vanskaner på lavast muleg nivå, før problema veks seg større og ein eventuelt tilviser til andre instansar. Barn under skulepliktig alder som viser mistriivsel og/eller stress, som strevar sosialt, følelsesmessig, med åiferd, og/eller at familiesituasjonen er vanskeleg, samarbeidsvanskar mellom foreldre. Både foreldre og fagpersonar kan ta initiativ og bestille tid i SamBa. Barnehage, PPT og helsestasjon har brosjyre med informasjon om SamBa. Maren Lovise Eide er koordinator i Sula.

### ⑩ ICDP-foreldrerettleiing i grupper – møteplass for foreldre /korleis få eit enda betre forhold til barnet ditt/dykkar: 0-6 år

ICDP følgjer eit opplegg med 8 ulike tema for eit godt samspel.

Målsettinga er å finne tryggheta og bekrefting på at de er gode foreldre ved at de blir meir bevisste på kva de gjer som er bra for barna dykkar. Her kan ein få hjelp til å finne sine løysingar for seg og sine barn - gjennom samtalar og øvelsar i gruppa og idear eller oppgåver de prøver ut heime med barnet dykkar. I Sula skal vi starte opp med slike grupper i haust. Det blir arrangert grupper enten i Langevåg eller i Solevåg, kvar haust og vår framover. Det er delt ut brosjyre til alle foreldre i barnehagen til alle barn, med eige påmeldingsskjema for oppstart i haust. Helsesøster Maren Lovise Eide er koordinator for ICDP i Sula.




### ⑩ 4-års kontrollar i barnehagen i samarbeid med helsestasjon: «4 år - trygg og glad»

Barnehagane har eit tett samarbeid med helsestasjonen i høve 4-års kontrollen. Det er eit frivillig tilbod til dykk foreldre. Hensikta med denne ordninga er å få ein betre 4-års kontroll og tettare dialog/kommunikasjon med helsestasjon, til det beste for barnet dykkar.

De får eit skjema med barnehagen til utfylling 1 mnd før barnet dykkar fyller 4 år. Barnehagen fyller ut same skjema. Deretter avtalar vi eit møte der vi går gjennom svara som er skrivne. Barnehagen sender begge skjema til helsestasjonen, der 4-års kontrollen blir gjennomført til den tid de avtalar med helsestasjonen. Samtalen i barnehagen kan bli ein utvida forledresamtale, eller ein eigen samtale som kun gjeld gjennomgang av skjema til 4-års kontrollen.

## KVALITETSSIKRING - KVALITETSUTVIKLING - KOMPETANSEUTVIKLING

Den lokale kvalitetssatsinga skal vere knytt til tre hovudområde:






-  Barnehagane skal vere for alle barn, med særleg vekt på tilpassing for barn med behov for særleg støtte og omsorg.
-  Barnehagane skal vere varierte og brukarvennelege.
-  Personalet skal ha høg kompetanse.

### Kva er kvalitet ?

Det handlar om  
"kva du gjer og korleis du gjer det",  
både heime og i barnehagen

Det beste for barnet skal stå i sentrum for kvalitetssatsinga i barnehagane i Sula.

Måseide barnehage har i alt arbeid fokus på:

-  Visjon og målsettingar: kven vi er til for
-  Vaksenrolla: samspel barn - barn og barn - vaksen
-  Refleksjon: læring i eigen praksis
-  Teamarbeid: "vi gjer kvarandre gode"
-  Heilhetstenking: organisering av verksemda til det beste for alle (ressursutnytting og fleksibilitet)

Ein lærande  
organisasjon  
- aktive i samspel  
med andre


Kvalitetsarbeidet er ein kontinuerleg prosess kvar dag - heile året.

I korte trekk kan vi seie at arbeidet i barnehagen består av fire faktorar:

Planlegging - gjennomføring - evaluering - ny planlegging


For at vi skal utvikle arbeidet vårt og kunne forbetre planane våre, er vi avhengig av respons frå dykk foreldre.

Kvar barnehage skal ha ein eigen plan for den interne personalutviklinga - ein Tiltaksplan som gjelder for eit år i gongen. Tiltaksplanen vil stå i Årsplan del 3 Arbeidshefte til dei tilsette



## LÆREBEDRIFT

Måseide barnehage har i mange år vore opplæringsbedrift, både for barnehagelærarstudentar, arbeidspraksis i regi av NAV/BRISK, og for lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Elevar, studentar og andre som skal ha praksis her, MÅ vere interessert i å arbeide med barn, vise engasjement og initiativ. Vi skal legge til rette for opplæring, og til gjengjeld får vi ekstra hjelp som kjem barna dykkar til gode.



Bygging av organisasjonskapasitet i Oppvekstsektor i Sula — pedagogisk leiarskap:

Gjeldande praksis og individuell kompetanse - medskapning gjennom å drøfte kvarandre sine innspel og dra veksle på den enkelte sin kompetanse - ny felles kunnskap/innsett - det vi saman er blitt einige om er viktig å gjere - ny felles praksis/endra åttferd

## DOKUMENTASJON

Dokumentasjon er eit middel for å få fram ulike oppfatningar og opne opp for ein kritisk og reflekterande praksis.

Dokumentasjonen skal gje informasjon om kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen.

Kvifor dokumentere:

- Av hensyn til barnet
- Av hensyn til barnehagen som fagleg pedagogisk institusjon
- Av hensyn til foreldra/samfunnet

Vi har nytta ulike metodar opp gjennom åra, som har fungert på ulike måtar. Det vi har erfart er at arbeidet er viktig, men tidkrevjande. Vi må derfor vere kritiske til kva vi nyttar tida vår til: både når det gjelder innhald, men også kva dokumentasjons-metodar vi faktisk nyttar/skal nytte.

Kvar avdeling skriv dokumentasjon på det daglege arbeidet/innhaldet m.a. gjennom :

- månadsplan
- vekeplan
- dagtavle/whiteboardtavle
- bilder
- lysbildeframvisning
- diverse skjema og lister
- tilbakeblikk




## SAMARBEIDSRUTINAR

Samarbeid innad i barnehagen og utad i forhold til ulike samarbeidspartnarar er heilt avgjerande for at vi skal kunne gjere ein god jobb med barna.

Vi har ulike former for samarbeid i barnehagen:

1. Samarbeid med heimane
2. Personalsamarbeid
3. Samarbeid med andre barnehagar
4. Andre samarbeidspartnarar
5. Samarbeid barnehage/skule



### 1. Samarbeid med heimane

Foreldresamarbeid er samarbeid mellom personalet og foreldra. Barnehagelova pliktar barnehagen til å oppdra barna i nær forståing og samarbeid med heimen til barna. Eit godt samarbeid mellom personalet og foreldra skal kjennast på at forholdet er prega av gjensidig respekt og tillit. Foreldra skal også kunne spørje personalet om rettleiing og støtte, og personalet skal vere lyttande og open for drøftingar kring fleksibilitet og tilpassing av tilbodet for det einaskilde barn.

Barnehagen skal og samarbeide med familiar der barnet berre bur saman med den eine av foreldra. Barnehagen skal da innretta seg i høve til den av foreldra som har den daglege omsorga og har ansvar for at samværsretten blir oppfylt

Det er ulike former for foreldresamarbeid:

Foreldremøte: Det blir halde ca. 2 møter pr. år i barnehagen, ilag med alle foreldra og dei tilsette.

Foreldresamtalar: Møte med kvart foreldrepar om barnet si utvikling og korleis barnet fungerer i barnehagen.

Ved bringing og henting: Den aller viktigaste forma for foreldresamarbeid er det som skjer kvar dag ved bringing og henting. Då får personalet informasjon frå foreldra om korleis barnet har det, og når barnet blir henta kan vi fortelje om korleis barnet har hatt det i barnehagen. I tillegg blir begge partar betre kjende med kvarandre og får kunnskap om kva syn vi har på oppseding.

Foreldreråd: Møte som foreldra sjølve tek initiativ til, ved behov. Består av foreldra til alle barna i barnehagen.

Ved avstemming i foreldrerådet givast det ei stemme for kvart barn.

Samarbeidsutval: På første foreldremøte om hausten skal det veljast foreldrerepresentantar til samarbeids-utvalet (SU) i barnehagen. SU består av 2 foreldre, 2 tilsette og 1 representant frå eigar (Sula kommune), og vararepresentantar. Samarbeidsutvalet skal bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemda og forholdet til foreldra. Medverknad og medbestemming.



## 2. Personalsamarbeid

Ein viktig kvalitet som må vere på plass i barnehagen, er eit godt personalsamarbeid.

Gjennom tydeleg leiing, refleksjon, kollegarettleiing og tilbagemeldingar til kvarandre, skal både den enkelte medarbeidar og personalgruppa kunne utvikle seg personleg og fagleg, og få heva kompetanse i forhold til arbeidet.

Alle tilsette har ansvar for å bidra til eit positivt samarbeidsklima. Vi er ulike menneskjer med ulik utdanning og erfaring, men vi ser på ulikskap som ein styrke, fordi vi arbeidar mot same mål.

Her på Måseide barnehage har vi miljøreglar: køyrereglar for arbeidsmiljøet som forpliktar oss til korleis vi skal ha det ilag.

Vi har som motto: **"Vi gjer kvarandre gode - vi vil kvarandre vel."**

## 3. Samarbeid med andre barnehagar

Måseide barnehage har også eit godt forhold til alle dei andre barnehagane i Sula, både private og kommunale. Vi har felles opptak, vi kan samarbeide om diverse opplegg, eller vere i lag på teater o.l. Vi samarbeidar vedr. overgang barnehage-skule. Vi er ilag på nokre felles planleggingsdagar kvart år (kurs - konferansar).

## 4. Andre samarbeidspartnarar

Måseide barnehage har mange samarbeidspartnarar på ulike nivå :

Sula kommune : (som gjeld oppvekst)

- Kommunalsjef Hildegunn Pedersen
- Rådgjevar for oppvekst Jeanette Reiten

Dersom barnehagen eller foreldre har behov for hjelp og støtte utover det barnehagen kan gi, kan vi få råd og hjelp med PPT i samarbeid med foreldra, eller på anonymt grunnlag.

Andre samarbeidspartnarar :

- Sula Bibliotek
- Kyrkja
- Helsestasjon
- Barnevern
- Logoped
- Barnehabilitering
- Statlege kompetansesenter



## 5. Samarbeid barnehage/skule

Alle barnehagane og skulane i Sula har eit forpliktande samarbeid, der målet er å legge til rette for ein god overgang barnehage – skule, i tråd med nasjonale og lokale planar.

Samarbeidet er forankra i eit årshjul, som viser kven som har ansvar og kva tid ein skal/må ta kontakt med kvarandre.

Måseide barnehage samarbeidar med alle skulane som våre 5-åringar høyrer til. Vi er med på grovplanlegginga, og det blir litt ulike opplegg/ aktivitetar frå krins til krins. Dag og tidspunkt for aktivitetar/opplegg vil stå i årspalkalendaren del 2.



## SPESIALPEDAGOGISK HJELP

Alle barn i barnehage og skule har rett på tilpassa opplæring - eit likeverdig tilbod. Barnehagane skal vere for alle barn, og vi er forplikta til å leggje særleg vekt på tilpassing for barn med behov for særleg støtte og omsorg.

Måseide barnehage har mange barn med spesielle behov - på ulike områder. Vi har etterkvart tileigna oss mange års erfaring i arbeid med barn. Avdelingane tilpasser det pedagogiske innhaldet og dei praktiske gjeremåla utifrå barna som er på avdelinga til ein kvar tid.

Vi deler ofte barnegruppene inn i mindre grupper for å nå kvart enkelt barn best muleg. I tillegg utnyttar vi naturlege situasjonar for å hjelpe og støtte barna i deira utvikling. Vi samarbeider på tvers av alle fire avdelingane.

På denne måten utnyttar vi ressursane våre til det beste for alle barna.

Nokre barn har meir eller mindre vanskar som gjer at dei trenger ekstra tilrettelegging og struktur gjennom barnehagedagen for å fungere på lik linje med sine jamaldringar.

Behovet for hjelp og støtte er dermed vesentleg større enn det eit ordinært barnehagetilbod kan gje. Desse barna har rett til spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagen samarbeider med foreldra i slike saker. Dersom foreldra og/eller dei tilsette er bekymra for barna, vil pedagogisk leiar på avdelinga ta dette opp med dei foreldra det gjeld.

Vi samarbeidar med heimen for å hjelpe barnet på best muleg måte.

Vi samarbeidar då om ulike tiltak heime og i barnehagen.

Dersom vi ser at vi må ha hjelp og rettleiing, er PPT den næraste samarbeidspart.

Den spesialpedagogiske hjelpa skal integrerast i det daglege barnehagetilbodet.



